



HARDANGER  
FARTØYVERNSENTER



HARDANGER OG VOSS  
MUSEUM



# Hardanger maritime leirskule



Å heisa segl er eit skikkelig lagarbeid. Moro er det og.

Når elevane kjem om bord på hardangerjakta Mathilde, vert dei ynskt velkomen av eit dyktig skutemannskap som set tryggleik i høgsetet. Vi legg ut på tokt i Hardangerfjorden og seglar dit vinden fører oss. Kvar kveld ligg Mathilde trygt fortøyd i ei ny hamn. Sjømannsfaget og livet ved kysten er hovudtema for leirskuleopphaldet.

På Mathilde får ein verkeleg oppleva kva det vil seia å vera i same båt. På banjeren, som er storstova om bord, både søv og et vi. Vi spelar kort og fortel sjømannsskrøner, og det er her all innandørsundervisning føregår.

Dei fysiske rammene ei slik skute representerer gjer at fellesskapet i klassen blir forsterka. Det er såleis ein samansveisa gjeng som går i land etter ei veke i lag på Mathilde.

På veg opp til Bondhusbreen vert det tid for rast og litt geologi.





## Kvar kveld ei ny hamn å utforska

Bading frå fenderen i Stekka, ei vakker uthamn.

Båten og livet om bord er eit viktig utgangspunkt for å formidla kunnskap om vår maritime kulturarv. Også dei hamnene me er innom vert kjelder til kunnskap om kyst-kulturen før og no.

Gjennom praktiske oppgåver lærer elevane om det maritime på ein annleis måte. I løpet av veka fordjupar vi oss i mellom anna desse tema:

- segling og båtkunnskap
- navigering
- livet i fjøra og marinbiologi
- fiske med garn og snøre
- sjøvett og tryggleik på sjøen
- kysten si kulturhistorie



Knop og stikk er daglege øvingar. Det gjev resultat. Her ein apeneve.

Å sova i hengekøyer side om side er noko heilt nytt for dei fleste.











Livet i fjøra og i sjøen er i fokus om bord på Mathilde. Fisk får vi både i garn og på snøre.

## Litt om Mathilde


Hardangerjakta Mathilde vart bygd i 1884 i Ølve, Kvinnherad. Fram til slutten av 1930-talet hadde ho ikkje motor, det var vinden i segla som dreiv ho fram. Etter krigen gjekk ho som motorfartøy i fraktefart heilt fram til 1970-talet. På 1980-talet vart Mathilde restaurert etter antikvariske prinsipp, og framstår i dag som ho gjorde då ho var nybygd, med jakterigg.

Dagens Mathilde har motor og sjølvsgt moderne tryggleiks- og navigasjonssystem. Eit proft skute-mannskap syt for tett oppfølging og at det er trygt om bord. Kvart år vert skuta sertifisert av Sjøfartsdirektoratet.

Å heisa storsegl krev at alle gjev sitt.

Om sommaren går Mathilde kystsafari med alle som har lyst å vera med.





Ofte brukte hamner er markert med ringar i kartet. Norheimsund er heilt oppe til høgre.

Hardanger fartøyvernsenter (HFS) eig Mathilde og er ein del av Hardanger og Voss museum. HFS har oppe for publikum kvar dag frå mai til september, med kafé og omvisingar. Elles i året tek vi imot grupper etter avtale.

Mathilde har vore seglande leirskule sidan 1989. Vi er minst fire i mannskapet som bur og lever saman med elevane under toktet.

Leirskulesesong: April, mai, juni, august og september.

Tokta (leirskule eller skuleturar) varer stort sett frå måndag til fredag. Det er også høve for kortare turar.

## Kontakt

Hardanger fartøyvernsenter,  
Postboks 53  
5601 Norheimsund  
Telefon: +47 47 47 98 39

Epost: [fartoyvern@hvm.museum.no](mailto:fartoyvern@hvm.museum.no)

[www.fartoyvern.no](http://www.fartoyvern.no)